

# Minst seks nutar



Fyll ut kortet med dato, og lever det i postkassen til Velde Maskin innan 20 oktober.

Alle som leverer innan fristen får ein premie.

Namn:	Telefon:	Dato
Bjergafjellet/Fuglen		
Steinslandsnuten		
Aksla		
Vardafjellet		
Brennesteg		
Friarane		
Hovda		
Kjort		
Tordisnuten		
Krakkanuten		
Ørnaberget		
Grånuten		

Dette noteringskortet kan skrivast ut frå <http://vatsnett.com/>

# Nutafanten



For å inspirera til å ta fjellet i bruk har me lagt ut bok på i alt 12 nutar i Vats. Sjå kart. Skriv namnet kvar gong du besøkjer nuten. Me lagar statistikk over nutane. Statistikken går tilbake til 1995.

Viss du vil vera med i ein uhøgtidleg konkurranse har du to val:

## **Flest noteringar.**

Skriv dato og namnet på nuten i ei noteringsbok kvar gong du har vore på tur. Då er det lett å halda oversikta. Levér boka i postkassen til Velde Maskin  
Frist : 20. oktober  
Premie: Å få namnet sitt på vandringsstaven.



På vandringsstaven er namna til alle som har flest noteringar sidan 1995.

## **Minst seks nutar**

Bruk noteringskortet på baksida og notér dato. Lever kortet i postkassen til Velde Maskin  
Frist: 20. oktober  
Premie: Alle som leverer får ein premie.



**Ørnaberget** 343 m. o. h.

Start: Eikesdalsvegen ved infotavla ved brua

**Krakkanuten.** 454 m. o. h.

Traktorvegen frå Alvseike er lett å gå. Parkering ved bedehuset. Infotavle.

To nutar som det passar å besøkje på same turen

**Bjergafjellet (Fuglen)** 537 m. o. h.


Vegen til Torleif Stople opp Haukadalen er lettast og kortast.

**Grånuten** 531 m.o.h.

To alternative ruter

Skogsbilvegen til Espen Aaserød opp frå infotavla ved Vindafjordtunet, eller frå Frøland i Tørresdal. Møtest i Nesheimsskaret.

Det er merka sti mellom nutane.



**Steinslandsnuten**

514 m. o. h. Frå Steinsland i Sandeid. Eller du kan starta i Aurdal ved infotavla.

Desse nutane høver det å besøkje på same turen. Opp frå Aurdal om Sletthaug, frå Blikrabygda, eller frå Gjerdesdalen. Infotavler. Merka sti mellom nutane.

**Aksla** 693 m. o. h.

**Vardafjellet** 661 m. o. h.

**Brennesteg** 520 m. o. h

**Friarane** 340 m. o. h.

**Hovda** 531 m. o. h.

**Kjort** 606 m.o.h.

Lettast er traktorvegen til Halvard Stokkledal. Infotavle

**Tordisnuten** 444 m.o.h.

Sti opp frå Tjeltveit, eller følgja traktorvegen frå gamleskulen på Stokkadalen. Infotavler